

Langrennstalent på kretssamling.

31.08.2015



50 ungdommar på langrennssamling på Stord.

Sist helg var det kretssamling for unge langrennsløparar fødd i åra 2000 til 2003 på Stord. Til saman 50 unge og treningsvillige løparar frå heile Hordaland var med på samlinga, og 5 av dei kom frå den driftige skigruppa her i Uskedalen. På Stord fekk dei kontakt med nye langrennsvenner innimellom harde treningsøkter.

Det var Amalie Hovden Rød, Camilla Myklebust Ripel, Saima Kristine L. Døssland, Silje Soldal og Jostein Soldal som representerte Uskedalen på ein flott måte. Samlinga føregjekk i dei flotte idrettsanlegga i Prestegardsskogen der rulleskiløype er ein del av anlegget.



Etter 3 solide treningsøkter smaka det godt med pizza rundt bålet i lavoen laurdag kveld.

Etter oppmøte og registrering fredag kveld starta hardkjøret med styrketrening. Laurdag var det 3 gode treningsøkter mellom anna med fjelltur og rulleskitrening. Søndag føremiddag var det tid for ei klassisk rulleskiøkt før samlinga vart avslutta med kretsrenn på rulleski for nokre av deltakarane. Dei fleste var nok stinne av trening etter harde treningar. Jostein Soldal bestemte seg for å delta i siste liten, og han gjekk inn til ein imponerande 2.plass.

Gode matøkter og sosiale aktivitetar var det sjølvsagt også sett av tid til.

Det var 5 slitne, men fornøgde ungdommar som kom heim utpå søndag ettermiddag. Gode treningstips og nye vennskap hadde dei med i baggasjen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Stord Ski